


# Barn og sosiale medier

## Informasjon til foreldre/føresette og elevar ved Tu skule



Ny norsk forskning viser at eit stort fleirtal foreldre og lærarar støttar aldersgrensa på 13 år for sosiale medier og meiner barn under dette ikkje er modne nok for dette.

Kvifor oppgjev då kun 18 prosent av foreldre for 5.-7. klasse at deira barn ikkje er på sosiale medier?

## Ulike medieplattformer, funksjonar og aldersgrenser



Snapchat er ei teneste for å dele bilete, videoar og meldingar. Snapchat oppgir sjølv 13 års aldersgrense for å opprette konto og bruke tenesta. NB: Snapchat har ein funksjon som kan vise alle andre kontaktar eit kart med din posisjon.



Instagram er ei teneste for bilete- og videodeling, ein slags hybrid av Facebook og Snapchat. Instagram oppgir sjølv 13 års aldersgrense for å bruke tenesta. NB: Brukarar vert oppmuntra av antal følgere og likes. Instagram vert flittig brukt av influensere og finansieres med tilpasset reklame.



Likee er ei teneste for å lage og dele korte videoar - mykje tilsvarande Tik Tok. Likee oppgir sjølv 16 års aldersgrense for å bruke tenesta utan oppsyn av foreldre. NB: Det finnes eit «beautyfilter» i appen som gjer at kamera pynter på utsjånaden, gjer kroppar tynnare osv.



Tik Tok er ei teneste for å lage og dele videosnuttar. Tik Tok har 13 års aldersgrense for å bruke tenesta. NB: Videoar vert automatisk styrt til brukaren. Det er tilfelle kor svært grovt innhald har blitt vist til barn.



Jodel er ei teneste for korte anonyme meldingar. Jodel oppgir sjølv 13 års aldersgrense. NB: Det har vore fleire saker i nyheitene om hets og mobbing blant ungdom via Jodel.



YouTube er ein interaktiv medieplattform for å dele og sjå videoar. YouTube har 18 års aldersgrense, eventuelt 13 år med foreldresamtykke. NB: Med YouTube Kids kan barn (tryggare) sjå på alderstilpassa innhald, men det er tilfelle kor grov vald blir vist også der.



Houseparty er ei video- og chatteteneste for venner og venners venner. Houseparty har 13 års aldersgrense. NB: Mindre fare for uønska eksponering da ein her snakkar med kjente.



Omegle er ei chat- og videoteneste for å snakke med ukjente. Omegle har 18 års aldersgrense. NB: Kontroversiell pga høy frekvens av seksuelt innhald.



Chatroulette er ei video-chatteteneste mellom ukjente. Chatroulette har 18 års aldersgrense. NB: Omstridt på grunn av seksuelle tilnærmingar.



Discord gjev brukarane ein enkel måte å snakke saman medan dei spelar. Møgleg med chat ein-til-ein, kan også opprette gruppechat eller bli med i lukka eller opne, offentlige forum. 13 års grense.



Roblox kan samanliknas med Netflix eller YouTube—men for spel. Chattemuligheter i spill og i hovedmeny.

## Kva seier norsk lov?

Personopplysningslova seier at barn under 13 år må ha foreldra sitt samtykke for å dele personopplysning-er på nett. Dette er fordi det kan vere vanskeleg å forstå konsekvensane.

Difor har dei fleste sosiale medier i Norge minimum 13 års aldersgrense, uavhengig av leverandøren sine egne aldersgrenser.

## Relevant forskning

- Rapporten «Skjermet barndom», Barnevakten/NLA, 2020
- «Barn og medier», Medietilsynet, 2020
- «Foreldre og medier», Medietilsynet, 2020
- «Ungdom om digitale medier», Barneombudet, 2019
- «Man må ha tykk hud eller unngå å være på nettet», Medietilsynet, 2022
- «Retningslinjer for å forebygge digital mobbing i skolemiljøet. En gjennomgang og anbefalinger.», Læringsmiljøsenderet, UiS, 2020

# Lærarar er saman med barna store deler av dagen

## Kva fortel lærarane?\*

«Barn kan gjøre uoprettelige feil som de må bære på resten av livet hvis de selv får ansvar for hva de gjør på nett. Foreldre må være til stede eller ha kontroll med barnas nettbruk, og samarbeide med dem, kunne vise alt de gjør, slik at foreldrene får tillit til barna»

Kontaktlærer, 4. klasse, 56 år

«Sosiale medier på telefon har vist seg problematisk i mange klasser i forhold til hva elevene deler av seg selv, hvor lang tid de bruker på medier og spilling, elever ned i 3. klasse som spiller voldsspill [...], mobbing på nett, ufrivillig oppmerksomhet og til dels grooming fra predatore voksne, sending og mottakelse av ufine og upassende bilder med/uten samtykke fra den som er avbildet og den det blir sendt til»

Lærer, 26 år

«Jeg jobber på for å følge med! Hvis jeg har et godt forhold til elever, kommer de av og til sjøl og viser både morsomme og dårlige ting. Men de er MYE på telefonen, og det skjer ting der som er utenfor rekkevidde. Jeg har en følelse av at foreldrene tidvis ikke har peiling på hva ungene driver med; merker at de ikke vet hva f.eks. TikTok er, de henger ikke med på sjargongen. En del av guttene ser en del porno, jeg er ikke sikker på at foresatte er klar over omfanget der heller...»

Kontaktlærer, 10. klasse, 51 år

## «Sosiale medier er stort sett roten til de fleste konflikter mellom ungdommene»

Kontaktlærer, 10. klasse, 38 år

«Det er vanskelig for alle voksne rundt elevene, både foresatte og lærere, å vite hva som faktisk skjer i livene til ungdommene, fordi det skjer på lukkede forum i sosiale medier. Alle, men kanskje spesielt sårbare elever er eksponert for mye dritt på nett, hvor de burde hatt en voksenperson å sparre inntrykk med»

Lærer, 9. klasse, 39 år

\* Sitater fra rapporten «Skjermet barndom» (2020) av M. S. Dahle

## FAU ved Tu skule vil oppfordre foreldre/føresette til å:

- Kollektivt verne om aldersgrenser på sosiale medier (13 årsgrense).
- Snakke saman med andre foreldre/føresette på trinnet. Kanskje det ikkje stemmer at «alle andre får lov»?
- Sette seg inn i dei ulike app'ane barna har tilgang til.
- Halde seg oppdatert på aldersgrenser.
- Snakke med eigne barn om korleis vi oppfører oss mot kvarandre på nett. Prinsippa for korleis vi oppfører oss mot kvarandre bør vera dei same på internett/sosiale medier som i det verkelege livet.
- Lære barna å ta bilete av skjermen sin (skjermdump eller screenshot). Dette kan vera nyttig for å lagre bevis i mobbe- og straffbare hendingar.
- Lære barna at dei alltid må ha samtykke frå den dei tek bilete av dersom det skal leggjast ut på nett. Dette gjeld også film og livesendingar.
- Sjølv vere eit godt førebilete med tanke på kva du deler og kommenterer. \*\*
- Snakke med barna om kva som er straffbare handlinger og ytringer på nett. 1 av 10 ungdommer har motteke straffbare hatefulle ytringer. 25 % av ungdom i alderen 16-20 år har motteke hatefulle kommentarar på internett i løpet av dei siste tolv månadane. \*\*\*

## Kva seier FNs barnekonvensjon?

### Artikkel 16:

«Alle barn har rett til eit privatliv.» \*\*\*\*

Vert dette overhalde når voksne eller barn deler bilder av barna på nett utan samtykke?

### Artikkel 17:

«Staten skal sørge for at alle barn får informasjon og underholdning som ikkje er skadeleg for dei.»\*\*\*\*

Klarer vi vareta dette når barna under 13 år er på sosiale medier?

\*\* Fleire av råda er henta frå [www.barnevakten.no](http://www.barnevakten.no)

\*\*\* Medietilsynet, 2022

\*\*\*\* FNs barnekonvensjon, i enkel versjon på [barneombudet.no](http://barneombudet.no)

## Kor kan vaksne finne god informasjon?

[www.barnevakten.no](http://www.barnevakten.no)

[www.medietilsynet.no/barn-og-medier](http://www.medietilsynet.no/barn-og-medier)

## Kor kan barn finne god informasjon?

<https://www.dubestemmer.no/>

<https://www.barneombudet.no>

<https://www.slettmeget.no>

<https://www.snakkommobbing.no>

## Infoskrivet er laga av FAU i samarbeid med skulen

Infoskrivet er laga for å auke kompetansen om sosiale medier og dermed gjere det enklare for dei som ynskjer å overhalde aldersgrensene for bruk av ulike sosiale medier.